

Årsmelding for Hifo Sogn og Fjordane året 2018-2019

Meldinga omfattar aktiviteten frå april 2019 – april 2020.

Styret i arbeidsåret 2019/2020:

Pål Berg Svenungsen (leiar)

Annette Holme

Mari Sofie Sandvik

Anders Timberlid

Oddmund Løkensgard Hoel

Leiaren har vore sekretær og kasserar.

Tilstellingar og aktivitet

Aktiviteten i HIFO, avd. Sogn og Fjordane har vore lågt det siste året. Einaste aktivitet har vore dei månadlege film- og foredragskveldane som har vore arrangert i lag med Studenthuset Meieriet. I mars blei resterande arrangement innstilt grunna korona-epidemien:

05.02.20: Tema: «Sparta» v/Pål Berg Svenungsen

04. 03.20: Tema: «Beowulf» v/Pål Berg Svenungsen

To medlemmer frå lokallaget, Mari Sofie Sandvik og Pål Berg Svenungsen, deltok på HIFOs styre- og lokallagsseminar 2019 i Trondheim 29.-30. november 2019.

Økonomi

Økonomien i laget er bra sidan aktiviteten har vore låg. Foreininga har (per 06.04.2020) på konto kr 16 047, 40.

Medlemmer

I det sentrale medlemsregisteret er lokallaget ført opp med 12 aktive medlemmer i 2020.

Styrearbeid

Styret har ei god spreing frå ulike historieinstitusjonar i fylket, slik som Høgskulen i Sogndal, Sogn Folkemuseum og Fylkesarkivet, men skulekontakt manglar. Det har ikkje vore faste styremøter, men ved behov.

Årsmøte

Årsmøte ble haldt måndag 6. april på Zoom. Det sitjande styret vart attval.

Sogndal, 7. april 2020

Pål Berg Svenungsen

Leiar

Referat for årsmøte for HIFO Sogn & Fjordane 2019

Tid og stad: 24. april, Sogn folkemuseum, Leikanger

Til stade: Anders Timberlid, (styre) Annette Holme (styre), Mari Sofie Sandvik (styre), Dorthea R. Alisøy og Pål B. Svenungsen (leder).

1. Godkjenning av møteinnkalling – godkjend
2. Godkjenning av årsmelding – godkjend
3. Rekneskap – orientering frå leiar, Pål Berg Svenungsen. Den økonomiske ståa i lokallaget er positiv, men har ikkje mottatt støtte på 5000,- frå HIFO sentralt.
4. Val av styre – Sitjande styre vart attval.
5. Saker: orientering om aktivitet i lokallaget:
 - april 2019 arrangerte HIFO eit seminar i Høyanger, i lag med Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforening og historielaget i Høyanger. Tema var om det å skrive industri-,

fagforenings- og tettstadhistorie. Oppmøte var godt og både Oddmund Hoel og Anders Timberlid deltok frå HIFO.

- 24. april markerte lokallaget HIFO sitt 150-årsjubileum med eit historieseminar, «Historiegransking i Sogn – lek og lærd», på Sogn Folkemuseum – De Heibergske Samlinger. Her deltok innleiarar frå Høgskulen, Sogn Folkemuseum, Fylkesarkivet Sogn og Fjordane og HIFO Sogn og Fjordane, medan tema for kvelden var alt frå runeinnskrifter i Sogn, 200-årsperspektiv på Sogn, Sogn sogelag og museum, distriktslegane i Sogn, til prosjektet «Skulen min» på Fylkesarkivet.
- Opne film- og foredragskveldar på Høgskulen. Her har HIFO vore med-arrangør:
 - 26.04.18: Tema: «Kong Johan – Englands verste konge?» v/Pål Berg Svenungsen
 - 23.05.18: Tema: «Svartedauden» v/Pål Berg Svenungsen
 - 20.-23.08.18: Historisk filmuke v/Pål Berg Svenungsen og Knut Øyangen
 - 04.10.18: Tema: «Vondskap» v/Irina Pavlova
 - 11.11.18: Tema: «The Great War» v/Knut Øyangen
 - 27.01.19: Tema: «Sagatid» v/Pål Berg Svenungsen
 - 10.02.19: Tema: «Viva Mexico» v/Lars Leer
 - 19.03.19: Tema: «Kongo» v/ Pål Berg Svenungsen og Knut Øyangen
 - 10.04.19: Tema: «Klima – Katastrofe – Berekraft» v/Irina Pavlova

Framover:

- Mål om fleire aktivitetar i lokallaget for hausen – søke samarbeid med Fylkesarkivet.

6. Eventuelt: ingen saker.